




Bremanger
kommune

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) kunngjer:

Varsel om oppstart av områderegulering, plan-ID 4648.202403, og høyring av melding med forslag til plan- og utgreiingsprogram for Myklebust- og Ramsskredfjellet vindkraftverk

I samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-8 og 12-9 varslar vi om oppstart av områderegulering for Myklebust- og Ramsskredfjellet vindkraftverk i Bremanger kommune, Vestland fylke.

NVE og Bremanger kommune har mottatt melding med forslag til plan- og utgreiingsprogram frå Zephyr AS om eit vindkraftverk på Myklebustfjellet, Ramsskredfjellet og Handkletua, med tilkomstvegar og tilhøyrande nettilknytning.



Plansaka vert handsama etter plan- og bygningslova av Bremanger kommune og konsesjonssaka vert handsama etter energilova av NVE. Meldinga med framlegg til plan- og utgreiingsprogram er utarbeida som felles dokument som er tilgjengeleg på NVE sine nettsider www.nve.no/25734/A og på kommunen sine nettsider <https://bremanger.kommune.no/>. På førespurnad er dokumenta tilgjengelege for offentlig ettersyn i hallen på rådhuset i Svelgen.

Vindkraftverket er planlagt med 180-260 MW og årleg energiproduksjon på 600-750 GWh, fordelt på 30-40 vindturbinar. Samla areal er på ca. 14,9 km². Tilkomsvegane er skissert frå Guleslettene vindkraftverk og frå Indrehus. Det er planlagt to transformatorstasjonar i planområdet, og 132 kV luftleidning fram til eksisterande nett. Det er skissert fleire alternativ, der hovudalternativet er at delar av produksjonen går mot Magnhildskaret koplingsstasjon, og delar går til Svelgen transformatorstasjon, via Indrehus kraftstasjon. 66 kV-leidninga frå Indrehus kraftverk til Budalen må oppgraderast til 132 kV.

NVE og Bremanger kommune held offentleg møte om saka **tysdag 21. oktober kl. 18:00**. Møtet finn stad i Svelgen Samfunnshus, Gunnar Schjeldrups veg 12c, 6723 Svelgen. Møtet er ope for alle.

Høyringsfråsegn til både oppstart av planarbeid og melding med forslag til plan- og utgreiingsprogram kan sendast skriftleg til NVE via skjema

Uttale til både planforslaget og konsesjonssøknaden sendast skriftleg til NVE via skjema på www.nve.no/25734/A eller på e-post nve@nve.no (merk med saksnummer 202511824) seinast innan **28. november 2025**.